

"KVARDAGSKJEMI" FRÅ SCIENCE CIRCUS PÅ VITENSENTERKONFERANSE

Den 1. juni blei fleire av ideane til Science Circus sitt "Kvardagskjemiprojekt" prøvd ut på ein workshop på den internasjonale vitensenterkonferansen i Lisboa, (ECSITE). Det blei ein kjempesuksess! Prosjektet er eit samarbeid mellom Jærmuseet-Science Circus, Molekylverkstan i Sverige og Husdyragardurinn på Island. Det er og eit pilotprosjekt for "Newtonrom" på hjul, støtta av Utdanningsdirektoratet.

Presentasjonen på konferanse skjedde i samarbeid med Molekylverkstan. NAVET frå Borås presenterte også si kjemifor- midling på same sesjonen.

Allereie frå starten viste arrangørane av ECSITE stor interesse for "Kvardagskjemiprojektet". Ut av 300 søkarar blei prosjektet valt ut som eitt blant 75 opplegg på konferansen. På konferansen var det deltakarar frå 55 ulike land. Det var ganske fullt under heile workshoppen og deltakarane viste stort engasjement og interesse for både presentasjonar, show bitane som blei vist fram og dei eksperimenta som var valt ut i anledninga. Både "Babybleiekjemii", "Smelt eit youghurtbeger", "Lag din eigen slim" og "Tryll bort vatn" blei vel mottatt. Workshoppen var eit av få opplegg på konferansen som hadde både ei teoretisk og praktisk tilnærming, noe som delta-

Hanne Madsen frå Jærmuseet demonstrerer "Babybleiekjemii" på ECSITE. Eksperimentet vekte stor interesse og undring mellom deltakarane.



karane likte. På ein skala frå 1 til 7, kor 7 var "Excellent", var gjennomsnittet på evalueringa av workshoppen: 6! Alle deltakarane var einig i at det er moro å eksperimentera!

[Klepp Bygedmuseum]: >

"MJØLK I BØTTER OG PAPP"

På Klepp bygdemuseum – Haugabakka – har me laga ny utstilling - denne gongen om ku - mjølk - meierier - mat og drikke. Me viser litt av den tekniske utviklinga frå budeia sat på krakken og handmjølka til dagens fjøs der kyrne går lause og tar seg ein svipp innom mjølke-roboten når dei lyster.




Kor mykje mjølker ei ku i snitt pr dag - i dag eller i 1849?

Korleis likar du å innta mjølka? - sur/søt/skumma/fløytekola/drikkeyoghurt/iskrem.... Eller har du slutta å drikkja mjølk - avdi ho ikkje lenger er så sunn? Også denne sommaren er det Klepp historielag som tek imot publikum. Det er opent kvar søndag frå 13 - 16 fram til og med 19.august.

Til hausten inviterer me ungdomskule- trinnet i Klepp til undervisning på Haugabakka. Vel møtt!

Mjølki i bøtter og Papp" på Haugabakka



[Vitengarden]: >

ÅRETS NYSGJERRIGPER 2007 – NASJONAL PRISUTDELING

For første gang arrangerte Jærmuseet prisutdelinga i Årets Nysgjerrigper. Årets Nysgjerrigper er Norges Forskningsråd sin forskningskonkurranse for elevar i barneskulen og har vore arrangert årleg sidan 1990. I 2007 kom det inn 130 bidrag.

Prisutdelinga var kombinert med den årlege Nysgjerrigperdagen for "Region Sør" – i denne samanhengen inkluderer det Rogaland, Agderfylka, Vestfold og Telemark. Og region Sør" hevda seg særst bra i Årets Nysgjerrigper-konkurranse. 1.prisen, 2.prisen, Naturfagspri-

«For å forstå kor viktig det er å arbeida jevnt og trutt, studer maurane. .»

sen, Energiprisen og Kreativitetsprisen gjekk i år til skular i desse fylka. Med unntak av Energiprisen blei desse delte ut på Vitengarden 13. juni.

ÅRETS NYSGJERRIGPER BLEI HILLESTAD SKOLE I VESTFOLD!

Og kva er det dei unge forskarane forskar på? Utruleg mange oppfinnsamme og artige problemstillingar blir undersøkt. Årets prisvinnarar var 5. klasse

Polfarar Liv Arenesen deler ut prisar til elevar frå Hillestad skule.



ved Hillestad skole i Vestfold. "Hvorfor folder vi hendene ulikt?" undra dei seg på. Ut frå egne observasjonar i klassen konstanterte dei nemleg at somme legg høgre tommel over venstre når dei foldar hendene, andre gjer det omvendt. Etter å ha henta inn råd og synspunkt frå hjerneforskarar og nevrologar, formulerer dei fire ulike hypotesar:

Folding av hender er arveleg

Folding av hender skuldast storleiken på hendene

Folding av hender er ein motorisk vane

Folding av hender er styrt av kva slag

hjernehalvdel som er dominant



Elevar frå Samfundets skole, Egersund, presenterer sitt prosjekt.

Kva fann dei ut?

Gjennom studiar av egne vanar, slekt, barnehagebarn m.m. konkluderer dei med at den mest sannsynlege forklaringa er at folding av hender er ein motorisk vane barna lærer seg i 3-4 års alderen. I dei første leveåra klarer ikkje barna å folda hendene med annan kvar finger flette i kvarandre. Men det kan sjå ut til at barn over tre år har lagt seg til stabile mønster for koss dei foldar hendene. Polfarar Liv Arnesen delte ut diplom, trofe og prisen på 20.000 kroner. Og på den tredagars premieturen sin på Jæren fekk klasse 5 A besøka både Helgøleiren, Havanna badeland og Kongeparken.

*Kva skjer? 06: JUNI 2007

Ansvarleg redaktør: Målfrid Snørteland
Innspel kan sendast til: post@jaermuseet.no

Designmat: unniform



Elevar frå Storevarden skule, 7A viser korleis dei har forska på følesans i fingertuppene.

2. PREMIE TIL STOREVARDEN SKOLE I SOLA!

Den gjevaste prisen gjekk til Vestfold. Men me har flinke unge forskarar i Jærregionen også. Klasse 7 A ved Storevarden skole i Tananger lurte nemleg på "Har yngre mennesker bedre følesans i fingertuppene enn eldre mennesker?" For å utforska denne problemstillinga måtte eldre og yngre gå gjennom ulike testar. Forsøkspersonane skulle sortera sandpapir etter grovheit, kjenna skilnad på ull, filt og lin, kjenna forskjell på temperaturen i to kolbar med ei halv grads avvik, eller testa smerteterskel og følsomheit for temperatur – ved å halda fingertuppene på ei varm lyspære og ei isblokk.

Stemte så hypotesen? Nei, tvert om! Elevane sine testar viste nemleg at dei eldre scora betre på fleire av testane enn dei yngre.

SPELALPRISAR

Nysgjerrigerperdeltakarane konkurrerer også om fem spesialprisar på 5.000 kroner kvar. Kreativitetsprisen blir delt ut av Ungt Entreprenørskap til arbeid som utmerkar seg med sin kreativitet, både i arbeidsprosess og i spørsmålstilling. I år gjekk prisen til 6.klasse ved Tokke skule i Telemark. Dei hadde funne ein gravhaug i Dalen som nesten ingen kjente til og lurte på kvifor det var slik, og kva dei kunne gjera for å skapa interesse for

gravhaugen. Gjennom mange kreative påfunn klarte dei å engasjera heile lokalsamfunnet i den arkeologiske skatten. Naturfagprisen blir delt ut av Naturfag-senteret og går til prosjektet med den beste naturfaglige forskinga. I år var det 6. og 7.klasse ved Samfundets skole i Egersund med oppgåva: "Hvorfor er det så mange døde albuesnegl og strandkrabber på land?". Juryen var imponert over at dei på ein overbevisande måte hadde formulert fire hypotesar. Hypotesane blei testa med eit seriøst feltarbeid på ulike lokalitetar i nærmiljøet, i tillegg henta dei inn informasjon hos ulike fagpersonar.

Energiprisen blir delt ut av Enova og gjekk i år til 6. og 7.klasse ved Byremo barneskole i Vest-Agder. "Solenergi til direkte bruk" var tittelen på arbeidet og utgangspunktet var ein solomn læraren hadde bygd, og som dei brukte til å koka risgraut på på skuleplassen. Kva var det som avgjorde temperaturen i omnen, og korleis kunne dei få temperaturen til å stiga raskare? Eit viktig arbeid med fornybare energikjelder!

Elles delar Kreftforeininga ut Helseprisen. I år til klasse 5A og 3B ved Kurland skole i Sarpsborg for prosjektet "Hvorfor og hvordan blir vi brun i sola?". RENATE-senteret gav teknologi og designprisen til 1.-4. klasse ved Mindland skole på Alstadhaug for prosjektet "Hvorfor er mange kakaomugger dårlige?"